



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 10.09.2013
Møtetid: 15:00 - 19.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegar Hope (H)	Eva Hellevang (H)

Andre som var til stades på møtet:

Stabsjef Boge, Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge.
 Kommunen sin advokat Pål Heldal deltok under sak 31/13

Merknader:

Protokollmerkand til sak 33/13 frå Brigte Olav Gåsdal (Ap).
 Underteikna meiner det ikkje er formannskapet si oppgåve å realitetshandsama AMU sitt vedtak i sak om varsling 04.07.2013. Formannskapet sitt mandat må vera å ta stilling til å løyva midlar til finansiering av tiltak som AMU har vedteke å setje i verk.

Orienteringar/meldingar:	<p>Rådmann orienterte om at stillinga som brannsjef er ledig. Det vert arbeidd for eit samarbeid med Bergen kommune.</p> <p>Stabsjef orienterte om sjukemelding i skatteoppkrevjarfunksjonen. Det er inngått avtale med Kvam kommune å utføre denne funksjonen i sjukemeldingsperioden. Arbeidsgjevarkontrollen vert kjøpt frå privat firma.</p> <p>Rådmann orienterte om pensjon for folkevalt. Eiga sak i kommunestyret 25 sept..</p> <p>Pensjon i DnB for tilsette skal verte avvikla innan 3 år. Einaste tilbydar er då KLP. Sak til kommunestyret 25 sept.</p>
Utvalet sitt kvarter:	<p>Gunnar Bruvik (Frp) stilte spørsmål og ønska ein profesjonalitet hjå både tilsette og politikarar i samband med barnevernssaka.</p> <p>Ragnfrid Olsnes (Bl) meinte det er behov for meir opplysningar om Samnangerheimen, særskilt hjå politikarar som er i sin første periode. Ordførar vil</p>

	legga til rette for det i neste kommunestyremøte. Brikt Olav Gåsdal (Ap) stilte spørsmål om trafikktryggleiken på Liavegen og skogrydding mellom idrettsplassen og Tveit.
Dokument utlevert i møtet:	Varslingsbrev i Sak 33/13

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20.09.2013

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
029/13	13/486	Faste saker	
030/13	13/281	Økonomirapportering 2013 - 2.tertialrapport	
031/13	13/221	Søksmål mot Samnanger kommune - dekking av utgiftert til juridisk hjelp. Finansiering av evt. kostnader	U Ikkje offentleg
032/13	13/112	Tildeling av arbeidet med gransking av barnevernet i Samnanger	U Ikkje offentleg
033/13	13/220	Oppfølging av sak i AMU - faktaundersøking. Finansiering	
034/13	10/157	Norheimsund Industrier AS - konvertering av lån til aksjar	
035/13	10/300	Søknad frå Kirkens SOS om tilskot til arbeidet sitt	

SAKNR. 029/13
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

10.09.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

Utvalet sitt kvarter: ” Gunnar Bruvik (Frp) stilte spørsmål og ønska ein profesjonalitet hjå både tilsette og politikarar i samband med barnevernssaka.

Ragnfrid Olsnes (Bl) meinte det er behov for meir opplysningar om Samnangerheimen, særskilt hjå politikarar som er i sin første periode. Ordførar vil leggja til rette for det i neste kommunestyremøte.

Bright Olav Gåsdal (Ap) stilte spørsmål om trafikktryggleiken på Liavegen og skogrydding mellom idrettsplassen og Tveit.”

FORM-029/13 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 030/13

ØKONOMIRAPPORTERING 2013 - 2.TERTIALRAPPORT

10.09.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Marit Aase (KrF) sette fram følgjande framlegg: ”Økonomirapportering 2013 – 2.Tertialrapport vert teken til orientering. ”

Samrøystes vedteke.

FORM-030/13 VEDTAK:

Økonomirapportering 2013 – 2.Tertialrapport vert teken til orientering.

Sak 031/13

*Søksmål mot Samnanger kommune - dekking av utgifter til juridisk hjelp.
Finansiering av. Evt. Kostnader.*

Vedtaket i saka er unnateke offentlig innsyn.

SAKNR. 032/13

TILDELING AV ARBEIDET MED GRANSKING AV BARNEVERNET I SAMNANGER

Arbeidsgruppa si tilråding:

Tilbudet frå Columbus Consulting a.s. vert avvist frå konkurransen. Inventura får ansvar for å iverksetja avvisinga.

Kyrre Advokatfirma a.s får arbeidet med å gjennomføra granskinga av barnevernet.

Inventura sender ut tildelingsbrev til alle deltakarane og inngår avtale med Kyrre Advokatfirma a.s.

10.09.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-032/13 VEDTAK:

Tilbudet frå Columbus Consulting a.s. vert avvist frå konkurransen. Inventura får ansvar for å iverksetja avvisinga.

Kyrre Advokatfirma a.s får arbeidet med å gjennomføra granskinga av barnevernet.

Inventura sender ut tildelingsbrev til alle deltakarane og inngår avtale med Kyrre Advokatfirma a.s.

SAKNR. 033/13

OPPFØLGING AV SAK I AMU - FAKTAUNDERSØKING. FINANSIERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjennomført faktaundersøking i tråd med vedtak i AMU sak 9/13. Undersøkinga vert finansiert ved at det vert gjort fylgjande budsjettendringar: Konto nr 14901.1202.1800 avsett til lønsauke vert sett ned med kr 200.000 Konto nr 12700.1202.1800 konsulent vert auka med kr 200.000

10.09.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Eva Hellevang fekk permisjon frå møtet kl. 19.00 før det vart gjort vedtak.

Øyvind Røen (Sp) bad at formannskapet utsett saka til etter kommunestyremøtet den 25 september i eit ekstra møte.

4 røysta for Røen sitt framlegg og 2 imot.

FORM-033/13 VEDTAK:

Saka vart utsett til etter kommunestyremøtet. Formannskapet handsamar saka i ekstramøte.

SAKNR. 034/13

NORHEIMSUND INDUSTRIER AS - KONVERTERING AV LÅN TIL AKSJAR

10.09.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Marit Aase (KrF) sette fram følgjande framlegg: ”Samnanger kommune konverterer lånet på kr 280.000,- til ny aksjekapital. Pengane vert henta frå disposisjonsfondet. ”

Samrøystes vedteke.

FORM-034/13 VEDTAK:

Samnanger kommune konverterer lånet på kr 280.000,- til ny aksjekapital. Pengane vert henta frå disposisjonsfondet.

SAKNR. 035/13

SØKNAD FRÅ KIRKENS SOS OM TILSKOT TIL ARBEIDET SITT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Kirkens SOS om tilskot til arbeidet sitt i 2013 vert ikkje imøtekomen.

10.09.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-035/13 VEDTAK:

Søknaden frå Kirkens SOS om tilskot til arbeidet sitt i 2013 vert ikkje imøtekomen.